



Stad kommune

# Kommunedelplan for veg og trafikktrygging

Forslag til planprogram til offentleg ettersyn



Arkivsak: 20/2714

Vedteke av Stad formannskap 3. september 2020, F-sak 20/111


## Innhold

<b>1 Kva er formålet med planarbeidet?</b>	<b>2</b>
<b>1.1 Bakgrunn</b>	<b>3</b>
<b>1.2 Mål for planarbeidet</b>	<b>3</b>
1.2.1 Nasjonale forventingar	3
1.2.2 Regionale mål	5
1.2.3 Redusere trafikkulukker	5
1.2.3 Effekt- og resultatmål	6
<b>1.3 Retningslinjer for planarbeid</b>	<b>6</b>
<b>2 Organisering av prosjektet</b>	<b>7</b>
<b>2.1 Aktørane i prosjektet</b>	<b>7</b>
<b>2.2 Medverknad</b>	<b>8</b>
2.2.1 Råd for god medverknad	8
<b>2.3 Framdriftsplan</b>	<b>8</b>
<b>3 Oppbygging av planen</b>	<b>9</b>

## 1 Kva er formålet med planarbeidet?

Det skal utarbeidast ein samla kommunedelplan for veg og trafikktrygging for Stad kommune.

Folk skal kunne ferdast trygt som gåande, syklande og som bilist. Det er ønskeleg å legge til rette slik at dei fleste vel ein aktiv form for transport. I eit større perspektiv skal utviklinga av samfunnet og arealet redusere transportbehovet.



Figur: Transportpyramiden (Kilde: Insam AS)

Når det gjeld reiser, eller transportbehov, er det størst potensiale i å oppnå klimavennlig utvikling gjennom å bidra til at folk reiser kortare (endring i kor vi reiser) og i mindre grad som sjåfør i eigen bil (endring i korleis vi reiser)<sup>1</sup>.

Stortinget vedtok i 2002 ein nullvisjon – ein visjon om eit transportsystem der ingen vert drept eller hardt skadd.

For Stad kommune er det også viktig å arbeide med Nasjonal transportplan og regional transportplan for å oppnå betre transportsystem i vår kommune og region. Vi er opptatt av å vidareutvikle ein funksjonell bu- arbeids- og serviceregion i Nordfjord og å vidareutvikle transportsystemet i Stad kommune slik at vi oppnår effektive reiser der ein enkelt og trygt kjem seg frå A til B og gange og sykling vert eit reelt alternativ for dei fleste.

<sup>1</sup> Kjelde: [TØI; Kunnskapsgrunnlag: Areal- og transportutvikling for klimavennlige og attraktive byer](#)

## **1.1 Bakgrunn**

Kommunen skal utarbeide ein kommunedelplan for veg og trafikktrygging. Ein oppdatert plan på dette området er ein føresetnad for å få eksterne midlar til utvikling av veg og trafikktrygging i kommunen.

Ein føresetnad for å kunne søke på midlar er at planen ikkje er eldre enn fire år. Det er difor naturleg å rullere denne planen tidleg i kvar kommunestyreperiode, slik at det sitjande kommunestyret i 4-årsperioden kan styre den kommunale veg og trafikktryggingspolitikken med tiltak knytt til å gjere tilhøva for gåande, syklande og køyrande tryggare.

Fram til ny kommunedelplan for veg og trafikktryggingsplan er på plass gjeld følgjande planar:

- Kommunedelplan for veg og trafikktrygging 2017-2029 for Eid kommune
- Plan for trafikktrygging for Selje kommune
- Kommunedelplan trafikksikring i Vågsøy

Ny kommunedelplan må utarbeidast i god tid før neste runde med søknad om TIK-midlar hausten 2021, slik at søknadar for tiltak kan sendast inn i tråd med ny kommunedelplan for veg og trafikktrygging.

Planstrategi for Stad kommune vart vedteken av Stad kommunestyre i møtet 13. desember 2019. I planstrategien er det lagt opp til å starte arbeidet med kommunedelplan for veg og trafikktrygging i løpet av 2020. Planen skal utarbeidast i tråd med føringane i plan- og bygningslova.

Planprogrammet skal gjere greie for opplegg for planarbeidet, innhald, medverknad og framdrift.

## **1.2 Mål for planarbeidet**

### **1.2.1 Nasjonale forventingar**

I dei Nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2019–2023, legg regjeringa vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Desse forventingane er spesielt relevante i dette planarbeidet:

- ... kommunane legg til rette for sykling og gange i byar og tettstader, mellom anna gjennom trygge skolevegar, ved å planleggje for gange og sykling frå kollektivknutepunkt og ut til friluftslivsområde og for transportløysingar for grupper som er mindre mobile.
- Kommunane har ein aktiv og heilskapleg areal og sentrumspolitikk der dei legg vekt på å styrke sentrumsområda. Bustader, næringsverksemder, arbeidsplassar og tenestetilbod er lokaliserte i eller tett på sentrum, og det er godt tilrettelagt for kollektivtrafikk, syklistar og fotgjengarar.


### 1.2.1.1 FN sine berekraftmål

FN har 17 berekraftmål som vi har forplikta oss til å arbeide for å oppnå. Måla skal utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringane innan 2030<sup>2</sup>.



Figur 1: God helse, innovasjon og infrastruktur og berekraftige byar og samfunn – FN sine berekraftmål<sup>3</sup>

Kommunedelplan for veg og trafikktrygging vil vere relevant i forhold til FN sine berekraftmål om god helse, innovasjon og infrastruktur og berekraftige byar og samfunn. Desse berekraftmåla ligg i den sosiale og økonomiske dimensjonen av berekraft<sup>4</sup>. Effektane av planen vil vere relevant for å oppnå FN sitt berekraftmål 13: *Stoppe klimaendringene: Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem.* Dette berekraftmålet ligg i den miljømessige dimensjonen av berekraft<sup>5</sup>.



Figur 2: Dimensjonar ved berekraft, økonomiske, sosiale og miljø<sup>6</sup>

<sup>2</sup> Kjelde: [Regjeringa; 2030-agendaen med bærekraftsmålene](#)

<sup>3</sup> Kjelde: [Regjeringa; 2030-agendaen med bærekraftsmålene](#)

<sup>4</sup> Jf. Figur nyttet i [Vestland fylke si folkehelseoversikt](#)

<sup>5</sup> Jf. Figur nyttet i [Vestland fylke si folkehelseoversikt](#)

<sup>6</sup> Kjelde: [Vestland fylke si folkehelseoversikt](#)

## Relevante delmål:

- «*3.6 Innen 2020 halvere antall dødsfall og skader i verden forårsaket av trafikkulykker.*»
- «*9.1 Utvikle pålitelig, bærekraftig og solid infrastruktur av høy kvalitet, herunder regional og grensekryssende infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkommelig pris og likeverdig tilgang for alle.*»
- «*11.2 Innen 2030 sørge for at alle har tilgang til trygge, lett tilgjengelige og bærekraftige transportsystemer til en overkommelig pris, og bedre sikkerheten på veiene, særlig gjennom utbygging av offentlige transportmidler og med særlig vekt på behovene til personer i utsatte situasjoner, kvinner, barn, personer med nedsatt funksjonsevne samt eldre.*»
- «*13.3 Styrke enkeltpersoners og institusjoners evne til å motvirke, tilpasse seg og redusere konsekvensene av klimaendringer og deres evne til tidlig varsling, samt styrke kunnskapen og bevisstgjøringen om dette.*»

### 1.2.2 Regionale mål


Vestland fylkeskommune arbeider med å få på plass overordna utviklingsplan for heile fylket.

Utviklingsplan for Vestland ligg no ute til høyring. I denne er det formulert ulike målsettingar. Mål 2 *Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling* har eit eige delmål; *Vestland skal vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp*.

Her legg dei vekt på *brei innsats for å nå nullutsleppsmålet og klimatilpassing*.

### 1.2.3 Redusere trafikkulukker

Utviklingstrekk for samfunnet er at vi køyrer stadig meir, men færre dør i trafikken.<sup>7</sup> Både i Noreg og i nye Vestland fylke er det eit tydleg utviklingstrekk at talet på vegtrafikkulukker per 1000 innbyggjarar, som fører til død eller alvorleg personskade har gått ned, jf. Vestland kapittel 4.11.



Figur 2.25 Trafikkulukker og tal på drepne og skadde, for Eid og Selje samla<sup>8</sup>


Trafikkulukker med personskader og dødsulukker vert kartfesta av Statens Vegvesen<sup>9</sup>. Over tid vil desse karta gi verdifull informasjon om potensielt farlege punkt på vegnettet. Slik informasjon kan nyttast til å førebygge framtidige ulukker. På kartet kan vi sjå at dei høgaste førekommstane av trafikkulukker er å finne i sentrumsområde, i svingar og i kryss.

<sup>7</sup> Kjelde: <https://www.ssb.no/transport-og-reiseliv/faktaside/bil-og-transport>

<sup>8</sup> Kjelde: Framstilling basert på SSB-tabell 12044

<sup>9</sup> Staten vegvesen sitt Vegkart; datalag: Trafikkulykker:

[https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/hva:\(~\(farge:'0\\_0,id:570\)\)/@16040,6916438,9](https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/hva:(~(farge:'0_0,id:570))/@16040,6916438,9)



Figur : Kartfesta trafikkulykker med personskader og dødsulukker<sup>10</sup>

Når foreldre opplever at gang- og sykkelvegane med tilhøyrande kryssing av bilveg er utrygge, vil det vere til hinder for at dei let sine barn gå eller sykle til skulen, fritidsaktivitetar eller vener.

### **1.2.3 Effekt- og resultatmål**

Under er måla for planarbeidet konkretisert i langsiktige effektmål og kortsiktige resultatmål. Måla for planarbeidet har betydning for utforminga av prosessen.

#### **1.2.3.1 Effektmål**

1. Redusere samfunnsmessige og individuelle skader i trafikken.
2. Føreseieleg veg og trafikktryggingsarbeid i Stad kommune.

#### **1.2.3.2 Resultatmål**

1. Planprogram godkjent av formannskapet 3. september 2020.
2. Gjennomført dialog med relevante aktørar innan oktober 2020.
3. Forslag til kommunedeleplan for veg og trafikktrygging til offentleg ettersyn i perioden november 2020 til januar 2021.
4. Kommunedeleplan for veg og trafikktrygging vedteke av kommunestyret februar 2020.

## **1.3 Retningslinjer for planarbeid**

Planstrategien gjev retningslinjer for planarbeid. Her er eit utdrag frå retningslinjene som vil vere av betydning ved gjennomføring av dette planarbeidet:

«... Planarbeidet bør ha ei god oppbygging

- del 1 med kartlegging av status, utviklingstrekk, behov og utfordringar
- del 2 med delmål, satsingsområde og tiltak

Plandokumenta må vere enkle å forstå.

---

<sup>10</sup> Staten vegvesen sitt Vegkart; datalag: Trafikkulykker:

[https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/hva:\(~\(farge:'0\\_0,id:570\)\)/@16040,6916438,9](https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/hva:(~(farge:'0_0,id:570))/@16040,6916438,9)

*Det er viktig at planane heng saman med kommuneplanen sin samfunnsdel som den overordna planen. I planane må også kommunen si rolle i vidare arbeid definerast. Formålet med dette er å sikre at planane vert følgt opp i praksis.*

*Ved utarbeiding av planar skal det gjerast ei vurdering av kva aktørar som må vere med for å bidra med relevant kunnskap om behov, utviklingstekk og status, og kva aktørar som må vere med for å bidra til realisering av tiltak. Ulike aktørar bidreg med ulike perspektiv. Formålet med å la aktuelle aktørar delta i planarbeidet er å oppnå ein koordinert innsats der fleire aktørar samhandlar for å oppnå felles mål om ønska samfunnsutvikling.*

*Planarbeidet skal nærme seg tema med eit vidsyn, der ein set innbyggaren eller brukaren av ei teneste i fokus og tenker utanfor tradisjonelle sektorar.*

*Planprosessar og vedtekne planar skal vere lett tilgjengelege via Stad kommune si heimeside, slik at aktørar i lokalsamfunnet kan følgje med og vere kjent med kommunen sine planar.»*

## 2 Organisering av prosjektet

### 2.1 Aktørane i prosjektet

Under er ei oversikt over aktørane i prosjektet og rollefordelinga mellom dei.

Rolle	Kven	Kommentar
Prosjekteigar	Kommunestyret	Kommunestyret har gjennom vedtak av planstrategi i møtet 13. desember 2019, bestilt ein ny kommunedelplan for veg og trafikktrygging.  Det er kommunestyret som skal vedta planen.  Formannskapet har fått delegert mynde fra kommunestyret til å behandle og ta avgjersler i plansaka fram til vedtak.
Prosjektansvarleg Styringsgruppe	Kommunedirektør og kommunalsjefar	Kommunedirektør og kommunalsjefar er administrativ styringsgruppe og har ansvar for å legge til rette for politisk behandling av oppstart, planprogram og plan.  Politisk vedteke planprogram vil vere førande for planarbeidet og prioriteringane i dette.  Styringsgruppa har det administrative ansvaret og kan endre samansettninga av prosjektgruppa og utnemnde ny prosjektleiar ved behov.
Prosjektleiar		Prosjektleiar har ansvar for gjennomføring av prosessen og å levere planprogram og forslag til kommunedelplan for veg og trafikktrygging til avklaring med styringsgruppa før politisk behandling.
Prosjektgruppe		Prosjektgruppa skal bidra fagleg til prosess og innhold, slik at planprogram og forslag til kommunedelplan for veg og trafikktrygging vert levert som avtalt.
Ressurspersonar		Ressurspersonar bidreg ved behov for at prosjektgruppa skal kunne levere eit fagleg forankra forslag til kommunedelplan for veg og trafikktrygging.

## 2.2 Medverknad

Vi veit at veg og trafikktrygging er eit viktig tema for innbyggjarane i kommunen. Det er og eit tema det er lett å engasjere seg i. Vi ønsker å bruke planarbeidet til å få fram ulike behov og få ein konstruktiv dialog med ulike aktørar i kommunen. Vi vil og føre ein dialog med andre offentlege aktørar innan veg og trafikktrygging slik at vi treffer på viktige satsingsområde og får synleggjort kommunen sine prioriteringar.

Medverknaden må skje både i høve kunnskapsgrunnlaget og i høve til prioriteringar i planen. Bygdelag i skulekrinsane vil vere viktige drøftingspartar for å få fram ulike perspektiv. Skulane med tilhøyrande FAU vil vere viktige for å arbeide med trygge skulevegar. Næringsaktørar innan besøksnæringar vil også vere aktuelle for nærmare dialog, då det ofte er utfordringar knytt til transportsistema.

Plan- og bygningslova kapittel 5 omhandlar medverknad i planlegginga og vil ligge til grunn for planarbeidet.

### 2.2.1 Råd for god medverknad

Råd for god medverknad<sup>11</sup>:

- Sikre tverrfagleg, internorganisatorisk samarbeid
- Sikre politisk deltaking
- Sørge for rett samansettning av prosjekt- og ressursgruppe m.m. frå starten av
- Starte med samfunnsperspektivet (innbyggjarar, næringslivet, lag og organisasjonar) og sørge for aktive tilretteleggingstiltak ved behov og ein tenleg innsiktsfase
- Setje klare rammer og prosessløp - for å sikre ein meiningsfull og føremålstenleg prosess
- Sikre god oppstart – start tidlig med medverknadsaktivitetar
- Vere open for fleksibilitet i bruk av metodar for medverknad
- Gje rom for kreativitet og muligheter i prosessen
- Offentleggjere innspel og resultat for deltakarane undervegs

## 2.3 Framdriftsplan

Den overordna prosessen framover ser slik ut:

Periode	Kva	Organ
Juni 2020	Vedtak om oppstart av arbeidet med kommunedelplan og vedtak om høyring/offentleg ettersyn av planprogram	Gjennomgang: Råd og utval Avgjerslemynde: Stad formannskap
Juni - august 2020	Høyring/offentleg ettersyn av planprogram	
August – september 2020	Vedtak av planprogram	Gjennomgang: Råd og utval Avgjerslemynde: Stad formannskap
Juni – november 2020	Arbeidsperiode kommunedelplan for veg og trafikktrygging (kartleggingar, utforming av plan)	
November 2020	Vedtak om høyring/offentleg ettersyn av kommunedelplan for veg og trafikktrygging	Gjennomgang: Råd og utval Avgjerslemynde: Stad formannskap

<sup>11</sup> [Veileder: Medvirkning i planlegging](#)

November – januar 2021	Høyring/offentleg ettersyn av kommunedelplan for veg og trafikktrygging	
Januar- februar 2021	Vedtak av kommunedelplan for veg og trafikktrygging	Gjennomgang: Råd og utval Avgjerslemynde: Stad kommunestyre

Kommunedelplanen er nokså omfattande. Det er lagt opp til ein effektiv prosess for at kommunen skal kunne söke TIK-midlar i 2021. Dette inneber vedtak av planen innan söknadsfristen i 2021.

### 3 Oppbygging av planen

Planen vil bestå av eit kunnskapsgrunnlag og bygge strategiar og tiltak på bakgrunn av dette. Det vil vere behov for kartfesta informasjon som grunnlag for tiltak. Prioritering mellom ulike tiltak skal kome fram av ein eigen handlingsdel som skal koplast til Stad kommune sin økonomiplan.

Samtidig som arbeidet med kommunedelplanen vert starta opp vert det utarbeidd ein eigen teknisk plan for kommunalteknikk knytt til kommunal veg. Det er naturleg at kommunedelplanen for veg og trafikktrygging dannar overbygg for denne og for Stad kommune sin vegenormal, og for framtidig felles sykkelstrategi for Stad kommune. Her må det også vurderast om det er behov for ein eigen gåstrategi, eller om dette kan kombinerast. For å stimulere til meir klima og miljøvenleg transport vil vi også ha fokus på ladepunkt og grøn transport. I Stad kommune er det mange område som er verdt eit besøk – desse vegane har mykje større belastning enn talet innbyggjarar vil tilseie – det vil difor vere viktig å vurdere desse transportsistema for seg.

I kommunedelplanen for veg og trafikktrygging vil det vere fokus på overordna samfunnsmål, og tilpassing av lokale prioriteringar i samsvar med lokale utfordringar. Planen skal fungere som grunnlag for å söke eksterne midlar til å utbetre/trygge transportsistema i Stad kommune, og til å påverke prioriteringar i nasjonal transportplan og regional transportplan.